

Tre band fredag og fire laurdag

31.07.2009

**Festidalen 2009 har sju band på programmet, tre fredag og fire laurdag. Dei spelar slik:****Fredag:**

19: Robert Smith-Hald og Fusas Finest  
21.30: Norma Sass  
23: Åge Aleksandersen og Sambandet

**Laurdag:**

19: Kobayashi  
20: Major Parkinson  
21.30: The Disciplines  
23: Kaizers Orchestra

Her er ein stutt presentasjon av dei som spelar ikveld fredag:

**Robert Smith-Hald og Fusas Finest**

Robert Smith-Hald er emigert amerikansk singer/songwriter, fra Pennsylvania men no busett i Bergen. Saman med bandet Fusas Finest kan han minna om ein sprek sekstitals Bob Dylan og ein potent syttitals Bruce Springsteen. Men det er framfor alt mannen, livet og historia som kjem fram når Robert prediker sin folk-rock/americana. Bandet består av medlemmer frå Fusa og Kjetil Tofte, som opphavelig er frå Halsnøy.

Festidalen var tilstades på konsert med dei i Oslo i februar og vart mektig imponert.

**Norma Sass**

Oslobandet Norma Sass er det einaste jenteinnslaget. Jentene veit tydeleg kva dei vil med musikken sin og uttrykket deira er mystisk og uortodokst – ei blanding av rock, pop og Indie. Bandet vart det første som vart booka til Øya09 og vart kåra til årets Zoomvinnar i 2009. Låta "June" vart spela mykje på P3 i vår og jentene har tross stutt fartstid opparbeida seg ein god del livserfaring under Zoom Urørt turne landet rundt det siste året.

**Åge Aleksandersen og Sambandet**

Åge Aleksandersen er ein av landets desidert mest populære rockemusikarar og han har ei lengre karriere og eitt breiare publikum bak seg enn dei fleste andre i norsk rock.

Åge starta karrieren sin allereie i 1968 og alle dei 20 platene hans i samband med 60-årsdagen i år er gjeve ut på ny – med nær 60 ekstra låtar.

Åge er heidra med fleire Spellemannsprisar og konsertane hans er noko det blir snakka om lenge. Når Åge og Sambandet syng "Levva livet". "Lys og varme" og "Dains med dæ" saman med publikum fredag kveld når Festidalen eitt desidert høgdepunkt!

Av Ola Matti Mathisen/Festidalens heimeside